

Jøsok Prosjekt AS
Postboks 169 Kokstad
5863 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7215 - 22/7569

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
27.01.2022

Dispensasjon frå regulert byggegrense for etablering av 22 kV jordkabel - gbnr 185/274 m. fl. Isdal

Administrativt vedtak: **Saknr:** 100/22
Tiltakshavar: Bkk Nett AS
Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1

VEDTAK

Det vert gjeve dispensasjon frå regulert byggegrense for etablering av 22 kV jordkabel slik det er søkt om. Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense mot fylkesveg 57 for etablering av ny jordkabel knytt til arbeidet med forsterking av 22 kV-nettet i området mellom Isdalstø og Nordre Eidavika på Flatøy.


Jordkabelen vil verta plassert i strid regulert byggegrense for del av strekket på land i Isdalstø slik vist i vedlagte kart. Grøn strek viser byggegrensa mot fylkesveg 57 slik den går fram av den eldre reguleringsplanen for Isdal og Gjervik Ytre blad I, II og III.

Det vert elles vist til forelegging og søknad om dispensasjon journalført mottatt 19.08.2021, og kommunen sitt svar på forelegginga i brev datert 05.10.2021.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 19.08.2021 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå denne dato med tillegg for den tida søknaden har vore til uttale hos regionale styresmakter.

Utsnitt grunnkart



Utsnitt eldre reguleringsplan



Planstatus

Ved ilandføring i Isdal (Herlandsstø) vil jordkabelen liggja i området som er omfatta av reguleringsplanen for Isdal og Gjervik Blad I, II og III, planid 1263-19650805. Reguleringsplanen, som er av eldre dato, gjeld med supplering/endring av kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen sine føresegner, planid 1263-201701, der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet.

Av plankartet ser vi at jordkabelen ligg innanfor byggegrensa mot fylkesveg 57 på ein mindre del av den nye traseen.

Dispensasjon

Søkjær skriv i søknaden at det har vore stor utbygging av bustadar og industri i Knarvik, Flatøy og sørlege delar av Holsnøy dei siste åra, noko som mellom anna har medført betydeleg auke i straumforbruket i desse område. BKK Nett AS må derfor forsterka 22 kV-nettet sitt mellom Knarvik og Holsnøy. Det planlagte leidningstversnittet vil gje tilstrekkeleg kapasitet med onsyn til omkringliggjande linjer og kapasitetsauke.

Dei opplyser vidare at det er ingen tenkelege alternativ som kan erstatta sjølve systemløysinga. Dersom ein skal oppretthalda forsvarleg drift av straumforsyninga i områda anlegget går gjennom, må dette anlegget byggast om. Det har vore vurdert fleire moglege alternativ, og etter ei samla vurdering har ein kome fram til at omsøkt trase er å føretrekka.

Uttale frå anna styresmakt

Vestland fylkeskommune har gitt uttale i brev datert 07.01.2022. Dei skriv:

Det er søkt om etablering av ny jordkabel, knytt til arbeid med forsterking av 22 kV-nettet i området mellom Isdalstø og Nordre Eidavika på Flatøy. Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå byggegrense i reguleringsplan «Isdal og Gjervik Ytre Blad I og II og III».

Vi bad i uttale datert 09.11.2021 om fleire opplysingar. No har vi motteke forelegginga av tiltaket og tilhøyrande kart.

Her kjem det tydeleg fram at jordkabelen det vert søkt om er tenkt å gå under fv. 57 og det må difor søkast om graveløyve til oss. For denne søknaden ber vi om detaljerte planar for tiltaket og plan for gjennomføring.

Det er Alver kommune som skal handsame søknad om dispensasjon frå byggegrense. Vi ser ikkje at leidninga som vil gå tett med eigedomsgrensa til gnr 185 bnr 278 skal ha påverknad for vegen. Men det er ikkje teikna på avstand, og skulle denne delen av tiltaket komme innanfor 3 meter frå vegkant så må det søkast om graveløyve også her.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, har elles ikkje merknadar til tiltaket.

Nabovarsel

Søkjar skriv at BKK Nett AS har allmenn forsyning i området og har rett til å byggja og vedlikehalda eksisterande nett. For nye kablar og leidningar må det ervervast rettar til grunn. Dialog med grunneigarar er oppretta. Kopi av brev til grunneigar og liste over dei som er varsla følgjer søknaden.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan revidert 26.06.2021.

VURDERING

Nabovarsel

Kommunen legg til grunn søkjar sine opplysningar om at grunneigarar er varsla og viser elles til uttale frå Vestland fylkeskommune som eigar og forvaltar av fylkesvegen. Vi vurderer at ytterlegare nabovarsel ikkje er nødvendig.

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vera oppfylt for at kommunen kan gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensesert i frå, omsyna i loven sin føremålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre skal fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Begge vilkåra må vera oppfylt for å kunne gje dispensasjon.

Omsyna bak føresegna det vert dispensesert i frå, omsyna i lova sin føremålsparagraf, eller nasjonale og regionale interesser, må gjera seg gjeldande med ei viss tyngde for at kravet om vesentleg til sidesetting skal vera oppfylt. Dersom nasjonale og regionale interesser er til stades, men vert vurdert av kommunen til ikkje å vera vesentleg til sidesett, så skal uttale frå nasjonale og regionale mynde vera ein del av den samla vurderinga av om fordelane er klart større enn ulempene.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyna lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for dei ulempar ein dispensasjon kan medføra.

Byggegrensa mot veg skal ivareta omsynet til drift og vedlikehald av vegen, miljø, sikt og behovet for areal ved eventuell utviding av vegen.

Det er kommune si vurdering at omsynet bak byggegrensa mot veg ikkje vert sett til side ved å gje løyve til tiltaket slik det er søkt om. Det er i vurderinga lagt vekt på at jordkabelen er nedgravd, plassert utanfor eigedomen gbnr 85/278 der fv 57 ligg og at avstand til vegkant er meir enn 3 meter. Det er vidare lagt vekt på at Vestland fylkeskommune ikkje har merknadar til tiltaket. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil gje negative verknadar i forhold til drift og vedlikehald av vegen, siktforhold langs vegen eller andre omsyn som byggegrensa skal ivareta.

I vurderinga av fordelar og ulemper er det lagt på at tiltaket gjeld etablering av nødvendig infrastruktur. Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil gje særlege ulemper i forhold til dei omsyn byggegrensa skal ivareta. Fordelane ved å gje dispensasjon vert vurdert til å vera klart større enn ulempene ved tiltaket.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå regulert byggegrense er oppfylt.

Avklaring etter anna lovverk

Tiltaket inngår i BKK sin områdekonsesjon og krev ikkje ytterlegare løyve etter plan- og bygningslova kap 20. Det kan vera nødvendig å innhenta løyve etter anna lovverk, jf. Alver kommune sitt svar på forelegginga datert 05.0.2021. Det vert særskild nemnd at tiltak som skal etablerast i, under eller langs fylkesveg i ein avstand på inntil 3 meter krev at Vestland fylkeskommune gjev graveløyve i offentleg veg.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nyttar rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/7215

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kabeltrase i forhold til regulert byggegrense

kart 22 kV jordkabel i Isdalstø

Uttale - Supplerande opplysningar til tidlegare oversending av søknad om dispensasjon for etablering av 22 kV jordkabel til uttale - Knarvik og Holsnøy

Kopi til:

Bkk Nett AS

Postboks 7050

5020

BERGEN

Mottakarar:

Jøsok Prosjekt AS

Postboks 169

5863

BERGEN

Kokstad